

## Referat frå møte i Samarbeidsutvalet (SU) ved Landro skule

Tidspunkt:	<b>Tysdag 28.03.23</b>	Stad:	<b>Landro skule</b>
------------	------------------------	-------	---------------------

### Desse var kalla inn:

Anette Johansen Arslan	Foreldrerådet, leiar FAU
Thomas Sekkingstad	Foreldrerådet, nestleiar FAU
Lisbeth Kvalheim	Undervisningspersonalet
Ingvild Langeland Tellnes	Undervisningspersonalet/elevrådskontakt
Monica H. Sæle	Andre tilsette
Hege Misje	Kommunal representant, politisk
Anita Vabø	Kommunal representant, rektor

Sak nr.	
---------	--

<b>10-22/23</b>	<b>Informasjon og orientering frå elevrådet</b> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det vart orientert om elevrådet sitt arbeid. Dei har jobba med ulike saker den siste tida, blant anna drøfting og innspel frå klassane om behovet for ein språkbruk kampanje. Det er kome inn nokre forslag, men både elevrådet og skulen treng å jobbe vidare med dette for å auke engasjementet. Dette vart ein eigen drøfting.<p>Det er kjekt å sjå elevane i aktivitet i friminutta, både som aktivitetsleiarar og som deltakarar i Aktiv glede-aktivitetane. Aktivitetsleiarane gjer ein flott innsats for å fremje positiv aktivitet i friminutta. Dei nye Aktiv glede-vestane har no trykk på og er klare til bruk. Elevrådet hadde ynskje om blå vestar, og slik vart det. Kostnadane til vestane blir etter avtale fordelt mellom skule og FAU.</p></li><li>• <b>Tema språkbruk</b><p>Vi er einige om at det er behov for å jobbe meir med dette temaet. Stygg språkbruk er dessverre i aukande grad ein del av</p></li></ul>
-----------------	--

	<p>kvardagen både på skulen, på skulebussen og på fritida. Både ved skulen, og i samfunnet elles, kan det sjå ut til at det er har blitt tøffare og grovare språkbruk.</p> <p>Her er fleire ressursar som kan brukast i dette arbeidet. Til dømes rapport frå Redd barna – elevane si stemme om korleis språkbruk påverker klassemiljøet. Barnevakten – økt skjermbruk er kilde til stygg språkbruk m.m.</p> <p>Det har vore jobba med å få opp engasjementet i elevgruppa rundt temaet. Elevane gir uttrykk for at det er mykje stygg språkbruk på dei ulike arenaene dei er på. Korleis påverker dette oss? Kor bevisst er ein på kva ein seier og korleis det kan vere for andre å ta imot grove skjellsord? SU er samde om at det er viktig å setje søkelyset på dette. Kor får elevane alle desse orda frå? Livet på sosiale medier og dei ulike underhaldningskanalane bidreg nok med mykje, både på godt og ondt.</p> <p>Auka bevisstgjerjing blir det viktige i det vidare arbeidet. Vi må samarbeide med føresette og dele på ansvaret for å skape ei endring på dette området.</p>
<p><b>11-22/23</b></p>	<p><b>Saker og spørsmål frå FAU:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingen nye saker er meldt inn frå FAU. 17. mai-komitèen i gang med planlegging av feiringa.</li> </ul>
<p><b>12-22/23</b></p>	<p><b>Saker frå skulen:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det var veldig kjekt at Landro skule var representert på Energimessa 2023. 5. og 7. trinn, i samarbeid med Garen, gjorde ein flott innsats og stakk av med pris for beste stand. Gode ambassadørar for Landro skule!</li> <li>• Skulen er i gang med drøftingar rundt temaet lekser og leksebevisst skule. Det er mykje fokus på dette temaet for tida, og ulike meiningar knytt til det. Det er viktig at eventuelle endringar i korleis vi tenkjer og gjennomfører lekser, både er gjennomtenkte og forankra i forskning. Kva rolle har leksene i skule-heim samarbeidet? Kva utbytte får elevane av lekser? Kva kan vi miste med å vere leksefri skule? Øving og repetisjon, struktur, gode arbeidsvaner, planlegging, jobbe sjølvstendig, ruste seg til vegen vidare var blant anna momenta SU var innom i drøftinga. Rektor vil delta på neste møte i FAU og orientere litt om temaet.</li> <li>• Skulen ynskjer i samarbeid med FAU å få til ein temakveld for føresette neste skuleår. Vi landa på at det til hausten er tid for å gjennomføre fellessamling/temakveld i gymsal i kombinasjon med klasseforeldremøter. Vårt forslag er å gjennomføre møter</li> </ul>

	<p>for heile skulen same kveld. Til dømes fellesamling for 1-4 trinn i gymsal først, deretter klasseforeldremøter på klasseromma. 5-7 trinn kan då starte med klasseforeldremøter og avslutte med fellessamling.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Siste saka vi drøfta var fokuset på tidleg innsats. Skulen stiller spørsmål om det i Øygarden kommune er satsa nok på tidleg innsats i barnehage og på småtrinnet? Vi opplever at handlingsrommet er knapt på dette området. Vi veit at ein kommune kan spare mykje på å satse på tidleg innsats. Dette for å hindre skeivutvikling og behov for meir omfattanda hjelpetiltak på eit seinare tidspunkt. Dette spørsmålet er viktig at vi som SU løfter, og at vår kommunale representant politisk kan ta det med seg inn i aktuelle drøftingar.</li></ul>
<p><i>Referent:</i> <i>Anita Vabø</i> <i>Rektor</i></p>	